

Høyringsuttale vidaregåande skulestruktur Innlandet fylke
26.08.2024

Vedrørende region Nord-Gudbrandsdalen

Skjåk Arbeiderparti vil kjempe for eit desentralisert skuletilbod som er i tråd med regjeringa si Hurdalsplattform.

Dagens studietilbod i innlandet har 15 000 plasser og 13 000 elever. I 2038 vil det vera 10 000 elevar som treng studieplasser.

Det som er kortslutninga i denne saka er at inntil ni vidaregåande skuler, alle i distriktskommunar, er foreslått eller kan bli lagt ned for å styrke skuletilboda i byane.

Ca 1 000 elever i distrikta risikerer å miste nærskulen sin, og mange av dei må flytte på hybel i ein alder av 15/16 år. Ein del kommunar, blant anna Skjåk vil miste alle ungdommane sine til ein hybel-tilværelse når det blir 8 til 10 mil til næraste skulestad med tilhøyrande tap av idrett og kulturmiljø, forsterka fråflytting, negativ demografiutvikling og store problem med å rekruttere barnefamilier inn til kommuna.

Vi har også frå dag ein sagt at dei kunstig foreslåtte kriteriesettet må fjernes. Skuler, linjetilbod og programfag med stabile søkertall og gode resultat må få drive vidare, sjølv om dei er små.

Dette er, ut frå det vi veit, det største sentraliseringsforslaget vi har sett her i Innlandet og som er stikk i strid med Skjåk AP sin grunnleggjande politiske haldning til distriktspolitikk.

Før siste stortingsval tok Arbeidarpartiet sentralt ein grunnleggjande haldningsendring som vises i siste partiprogram, der ein tydeleggjer distriktspolitikken for å snu sentraliseringa.

Mantra var: Sentraliser det ein må, desentralisere det ein kan.

Det vart ein tydelegare kurs, med meir rettferdig fordeling mellom by og land og mellom anna ein plan for meir desentralisert utdanning, for at fleire skal få kunne ta utdanning der dei bur.

I regjeringa sin Hurdalsplattform står det:

- Ein betre distriktspolitikk. Distriktspolitikken må forsterkast og fornyast. Regjeringa vil føre ein politikk for sterkare fellesskap, vekst og utvikling i heile landet der by og land går hand i hand. Vi vil sette i gang nye tiltak for å skape optimisme og framtidstru i heile Norge. I regjeringas distriktspolitikk er arbeid og velferd det aller viktigaste. Dersom folk skal bu i og flytte til distrikta, må viktige tenester som barnehage, skule og helsetilbod være i nærleiken.
- Det skal innføres ein regel om distriktspolitiske konsekvensanalysar av alle reformer, og krava om å vurdere distriktspolitiske hensyn skal være gjennomgåande i offentleg forvaltning.
- Gjennomgå og styrke verkemiddelapparatet og fylkeskommuna si rolle i distrikts- og regionalpolitikken.
- Styrke utdanningstilbud og etter- og vidareutdanning i distrikta.
- Skular der elevar lærer godt, er òg kjenneteikna av høg trivsel. Elevar må ha det bra for å lære bra.
- **Ein betre distriktspolitikk.**

- Dersom folk skal bu i og flytte til distrikta, må viktige tenester som barnehage, skule og helsetilbod være i nærheita.

Forslaga frå fylkesutvalet som kom i denne høyringsrunda må være i strid med vår egen regjeringsplattform etter vårt syn.

Korleis løyser vi problemet med nedgangen i elevgrunlaget og samfunnets behov for kvalifisert arbeidskraft?

I staden for å leggje ned alle skulane må studietilboda i den enkelte skule bli redusert og tilpassa søkermassen. Dette må skje over åra som går og kan hende nye studietilbod må komme for å tilpasse samfunnets behov, og andre bli lagt ned. Dette må være ein stadig vurdering ein må gjere i samarbeid med det offentlege behovet, næringslivet og fylkeskommunen. Dersom enkelte skuler må leggjast ned må det være på grunn av stor misforhold mellom antall studieplassar og elevsøknader oppfyllingsgraden, og at andre skuler ligg så nære at elevane ikkje må på hybel.

Dei siste 15 åra er åtte yrkesfaglege utdanningstilbod blitt lagt ned Her i Nord-Gudbrandsdal. Mellom anna naturbruk, design og handverk og IKT-servicefag. Elevane som ynskjer desse utdanningsprogramma må ut av regionen og bu på hybel. Nå blir også restaurant og matfag, sal, service, reiseliv og bygg- og anleggsteknikk foreslått lagt ned i saken om framtidig skule- og tilbodsstruktur i Innlandet. I tillegg vart landbruksskulen på Klones lagt ned for mange år sida og nå ser det også ut til at Dombås blir lagt ned.

Derfor er det viktig at vi får behalde begge skulestadane Lom og Otta for å ha eit tilbod til nokre av elevane våre i regionen.

Lom har ein sterk posisjon som skulestad, med studiespesialisering og ein godt etablert avdeling for byggfag. I eit distriktpolitisk perspektiv må det vera rom for at denne skal bestå. Ikkje minst når vi ser kor avhengige vi er av eit tilbod i Lom for å tiltrekke oss nye innbyggere, og for at vårt næringsliv skal bestå.

Når den vidaregåande skulen i Lom også fleire gonger har blitt framheva som ein av dei beste skulane i Innlandet, med høg oppfyllingsgrad på minst 80%, veldig gode resultater og ein gjennomføringsgrad som er tilnærma 100% så er det imponerande når vi veit at i gjennomsnitt så byrjar nesten alle ungdommar i Norge på vidaregåande, men etter fem år er det 1 av 5 elever som ikkje har fullført.

Utan fullført vidaregåande opplæring er faren stor for at ein fell utanfor. Kampen mot fråfall er derfor utruleg viktig for å sikre eit samfunn med små forskjellar og store moglegheiter.

Fleire fullførte skuleløp betyr ein tryggare framtid for kvar enkelt, og betre kvalifisert arbeidskraft for samfunnet.

Det er også viktig å påpeike at elevtals-utviklinga for Skjåk, Lom og Vågå fram til år 2038 ligg stabilt høgt, slik at oppfyllingsgraden til Lom vil halde seg opp mot dagens nivå i motsetning til resten av Nord-Gudbrandsdalen. Derfor blir det heilt feil å eventuelt legge ned Lom for å styrke andre skuler når Lom har meir ein god nok oppfyllingsgrad også fram til 2038.

Vi vil også framheve, slik vi har lest talla at Lom er av dei mest kostnadseffektive skulane i Innlandet fordelt pr elev.

Når det har blitt lagt ned så mange tilbod her i vårt distrikt og dersom skulen på Otta mister Kokk og servitør-fag bør Lom få sjansen til å opprette linjer innafor det faget. Distriktet har

ein fantastisk matkultur og med Brimi som eit nav rundt eit slikt tilbod så bør vi gi Lom ein sjanse til å opprette eit slikt tilbod som vi trur vil vekke interesse for ein god del av elevane i distriktet.

Til slutt vil vi påpeike dei samfunnsmessige og økonomiske konsekvensane; Dei manglar og er ikkje godt nok belyst for elevar, skulestader og omkringliggende lokalsamfunn i dei ulike alternativa frå fylkeskommunedirektøren. Dette gjeld aukande behov for hyblar, skuleskyss, gratisprinsippet, fullføringsreformen og integrering og skolering av flyktningar.

Vi ynskjer å ha ein desentralisert skule- og tilbodsstruktur som i sum skal lyfte Innlandet og sikre arbeidskraft til både kommunar og næringslivet vårt.

Mottoet for innlandet er vel fortsatt «å ta heile innlandet i bruk» og fylkestinget bør spørje seg sjølve til slutt, kva er til det beste for eleven, inkludert tilbodet til elevar med spesielle behov når dei nå skal sette seg ned å avgjere denne saka i oktober 2024.

Mvh

Styre i Skjåk Arbeiderparti

v/Stig Erlend Banken